

## **MØTEREFERAT**

18 juni 2018 Tid: Kl 09.00 – 14.00

Stad: Stort møterom 3 etg. Sentralblokka

### **Til stades:**

Svein Nord Kristiansen  
Hjørdis Dahle(fungerande leiar)  
Dag Einar Liland  
Ida Carlsen Eide  
Kirsten Eikanger Mjelde  
Inger Lingjerde  
Joe R. Aserwatham  
Trude Aarseth

### **Meldt forfall**

Inge Aareskjold Fiskvik- meldt forfall, Vara Trude Aarseth møtt  
Marianne C. Håheim- meldt forfall, vara Anne Britt Hopland meldt forfall  
Agnar Berland meldt forfall- vara Roy Arne Nilsen meldt forfall  
Frode Tony Bodin- ikkje møtt. ikkje meldt forfall

### **Sak 49/18** Orientering om aktuelle saker i Helse Bergen v/ Anne Sissel Faugstad

Orienterte om besøk ho og adm. Direktør har hatt hjå kommunane i føretaksområdet. Det har vore ein god dialog. Det er i kommunane ønskje om meir ambulant pasientbehandling og ynskje om fleire spesialistpoliklinikkar i kommunane.

Prehospital plan som har høyringsfrist i august. Brukarutvalet er ikkje høyringsinstans då dei har vore med i utarbeidinga av planen. Brukarutvalet ynskjer likevel å vera høyringsinstans. Det har vore møte med kommunane om ansvar for rehabiliteringstilbodet. Det er utarbeidd oversikt over tilbakemeldingane på møte som kan sendast Brukarutvalet. Spørsmål om spinaleininga sin framtidige plassering har vore eit viktig spørsmål.

Faugstad orienterte også om saker til styremøtet. Det er ok aktivitet og grøne tal i mai. Scorer bra på indikatorane.

Mange avvik på pasienttransport. Kvifor følgjer ikkje transporttøane avtalen ? Faugstad tar dette opp med avd. leiar i dag. Det har vore omfattande avisopplag i dag.

Bus trinn 2, prehospital plan, ½ årleg melding, budsjett 2019, bierverv. Orientering om medisesaker, lederstillingar, funksjonsfordeling kirurgi der det foregår sentralisering av kerftkirurgi. Orienterte også om reorganisering av samhandling i Helse Bergen inklusiv brukarmedverknad.

### **Sak 50/18** Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen

#### **Godkjent**

### **Sak 51/18** Godkjenning av referat frå møte 28.05.18

Brukarutvalet ber om at det av referatet er klart kven som melder forfall, også vara.

## Referat blir godkjent

**Sak 52/18** Bekymringsmelding frå Blindeforbundet i Hordaland, dialog med aktuelle avdelingar. Evelyn Neppelberg, Alf Henrik Andreassen, Helge Bergmann, Askjell Utaaker  
Det er semje om at tilbodet som blir gitt augepasientar på hovud hals klinikken ikkje er i samsvar med universell utforming. Dette gjeld i stor grad også anna pasientareal. Nye bygg skal vera i samsvar med krav til universell utforming. Pasienttilbodet som gis er forsvarleg. Aktuelle avdelingar har ikkje fått spesielle tilbakemeldingar om tilbodet. Det vart også drøfta tilgang til sjukehuset meir generelt mellom anna planlagt bybanetrase. Busstopp i nord blir i ein periode stengt. Konsekvensane er litt uklare. Det kjem også nye heisar i 2019-2020 som skal være universelt utforma. Brukarane responderer at her er det viktig med brukarmedverknad då det som er universelt for nokre brukarar kan vera ei hindring for andre.

**Konklusjon:** Frå brukarane er det ikkje eit ønskje om å flytte tilbake til augebygget då dette er av dårleg standard. Brukarutvalet krev at det vert sikra forsvarleg behandling av augepasientar etter flytting. Ein ber også om at ein legg til grunn at det skal sikrast universell utforming av det nye tilbodet. Det blir utarbeidd formelt svar til Blindeforbunde frå Brukarutvalet.

**Sak 53/18** Følgjetenesta v/Merete Hefte. Det vart orientert om regelverket. Semje om at det er behov for ytterlegare informasjon om regelverket til avdelingane. Dei som treng følge for å sikre forsvarleg pasientbehandling skal få det. Det er samtidig ein betydeleg kostnad for sjukehuset som tilseier at ein berre gjev slikt tilbod der brukar ikkje kan ivaretas forsvarleg på annan måte.

**Konklusjon:** Det vert med bakgrunn i dialog sendt svarmelding frå brukarutvalet til NFU. Gjeldande rutinar vert sendt brukarutvalet til orientering.

**Sak 54/18 11.00-11.30** Protonsenter v/ Brit Pedersen

Det vart orientert om planar for protonsender. Det skal etablerast slike senter i Oslo og Bergen.

**Konklusjon:** Brukarutvalet er særst nøgd med tiltaket. Utvalet tar saka til orientering.

**Sak 55/18** Nye prosjekt med førespurnad om brukarmedverknad, oppdatert prosjektoversikt

- Brukarpanel for forskning innan gynekologisk kreft. v/Pridesis

**Konklusjon:** Brukarutvalet oppnemner Kirsten Mjelde som fast representant og med Trude Aarseth som vara. Brukarmedverknad i forskingsprosjekt skal honorerast av prosjektet. Sekretariatet melder til prosjektleiar.

## Sak 56/18 Frå/til utvalet

Representantane orienterte om prosjekta dei deltar i.

**Det er planlagt følgjande invitasjonar til møte over ferien.**

- Seksjon for spiseforstyrrelser v/ Signe Haugen
- Honorering av forskning v/ Waatevik til AU møte
- Pasientservicesenter v/ Stenset
- Slagforløp

**Felles brukarmøte, påmelding**

Inge Aareskjold Fiskvik 29

Hjørdis Dahle 29-30

Dag Einar Liland 29-30  
Inger Lingjerde 29-30  
Ida Carlsen Eide 29  
Kirsten Mjelde 29  
Svein Nord Kristiansen 29  
Sekretariatet melder til Helse Vest

**Sak 57 /18** Eventuelt

Ida Carlsen Eide tok opp sak om tilkomst til poliklinikk ved Voss sjukehus. Er sperra av store steinar. Er grunngjeve med tryggleik for personalet. Kva med tilgang for brukarane ?

**Konklusjon:** Ida Carlsen Eide lager utkast til tilbakemelding og får kommentarer frå Brukarutvalet før sending av tilbakemelding til direktør på Voss.

Pasienttransport: Tidligare invitasjon om å halde innlegg som vart avlyst. Var det noko meir v/ Eidsheim